

Gir gass etter seks års strid

OPPDRETT

Etter ein seks år lang strid med staten får Eide Fjordbruk og Fyllingsnes fisk fire nye matfiskkonsesjonar. Nå skal dei tilsette nye medarbeidarar.

**Joar Grindheim
og Øystein Hage**
Bergen

– Dette er ein historisk dag og ei ny tid for Eide Fjordbruk og det er viktig å bruka tid på å byggja opp produksjonen. Dette skal skje på ein god måte, og me må ta det litt gradvis. Sidan det vert sett ut meir fisk i haust, vil voluma auke frå 2017 og utover. Kor raskt veksten kjem er avhengig av fleire ting, mellom anna lokalitetar, seier Ove Gjerde i Eide Fjordbruk til IntraFish.

Plaster på såret

Eide Fjordbruk betalar staten 45 millionar for tre konsesjonar dei skulle hatt i 2009-tildelinga. I tillegg får selskapet ein konseksjon som kompensasjon for økonomisk tap.

Det går fram av avtalen som er inngått mellom Eide Fjordbruk/Fyllingsnes Fisk og Statens v/Nærings- og Fiskeridepartementet. I tillegg erstattar staten rentetapet selskapet har hatt med 600.000 kroner.

Eide Fjordbruk og Fyllingsnes Fisk får dermed fire nye konsesjonar og har dermed to-

FAKTA: 2009-RUNDEN

I konsesjonsrunde 2009 blei det til saman tildelt 65 laksekonsesjonar. Det vart så mykje bråk at setteministar for inhabile fiskeriminister Lisbeth Berg-Hansen (Ap), næringsminister Trond Giske (Ap) valte å tildele fire ekstrakonsesjonar. To av ekstrakonsesjonane gjekk til Nordland og to til Hordaland. I tillegg kjem dei fire konsesjonane Eide og Fyllingsnes no har fått.

EIDE FJORDBRUK AS

Tall i mill kr	2014	2013	%
Driftsinntekter	94,4	177,2	-46,7
Driftsresultat	9,3	60,6	-84,7
Resultat før skatt	31,7	60,7	-47,8

FYLINGSNES FISK AS

Tall i mill kr	2014	2013	%
Driftsinntekter	204,8	100,5	103,8
Driftsresultat	39,5	7,9	400,0
Resultat før skatt	39,9	8	398,8

talt ni konsesjonar. Konsernet har dermed nær dobla kapasitet etter at den sju år lange saka har fått si avslutning.

Vil ha utvida MTB

Selskapet vil også søkje om å få utvida MTB (maksimalt tillat biomasse) på lokalitetane og utvida med fleire merdar.

Selskapet har lokalitetar i Nordhordland i tillegg til i Hardanger. Gjerde fortel at det er nærliggjande å sjå for seg at auken først vil komme i Nordhordland sidan frysforstifta. Gjerde seier at dei ikkje kla-



NØGDE: Tomas Frotjold (f.v.), Knut Frode Eide og Sondre Eide er godt nøgde med at Eide Fjordbruk og Fyllingsnes fisk får fire nye konsesjonar etter striden med staten.

FOTO: OVE GJERDE

rer å setje ut ytterlegare smolt i vår, men at dei frå hausten vil auke utsettet. I utgangspunktet har dei òg plass på eksisterande lokalitetar til å bruke dei nye løyva.

– I utgangspunktet har me nok lokalitetar til å få plassert dette, men det er jo utfordringar med frysforstifta i Hardanger. Teoretisk har me plass og jobbar for å få plassert løyva på dei eksisterande lokalitetane. Me

ønskjer likevel fleire lokalitetar og jobbar med det, seier han.

Lang sak

Saka starta i 2009 då Eide Fjordbruk sökte om to nye løyver og Fyllingsnes Fisk eitt i konsesjonsrunden det året. Søknadane vart avslått og selskapet reiste sak mot staten.

Gulating lagmannsrett avsa dom 17. desember 2014, og slo fast at det var feil å avslå søkna-

dane og at selskapet hadde krav på erstatning. I mars i fjor vart det klart at anken frå staten ikkje slapp inn i Högsterett.

Etter dette har det vore forhandla mellom partane om erstatninga, og det var denne avklaringa som kom denne veka.

joar.grindheim@intrafish.com
Tlf: 90120677

Ei konsesjonssak står att etter Giske-runden

Ei av strids-sakene frå konsesjonsrunden i 2009 står no att, og det er spørsmålet om Norsk Havbruks-senter skal få erstatning



Arnfinn Torgnes

for ikkje å ha fått laksekonsesjon i ekstrarunden i 2009.

Striden mellom staten og Norsk Havbruks-senter skal no til handsaming i Högsteretts ankeretsutval, og truleg vil ankeutvalet ha klar ein konklusjon i løpet av 14 dagar.

Selskapet tapte i Borgating lagmannsrett i januar, og fekk dermed ikkje erstatninga på

76 millionar kroner som dei gjorde krav på.

Lagmansretten snudde på vedtaket frå tingretten i 2014, som ga Norsk Havbruks-senter medhald i at staten måtte betale erstatning fordi staten ikkje tildelte selskapet ein laksekonsesjon, såkalla Giske-konsesjon, i ekstratildelinga i 2010 etter den ordinære

tildelinga i 2009. Etter avslaget i lagmannsretten utalte dagleg leiar Arnfinn Torgens følgjande:

– Eg er overraska over domen. Eg må seie at eg hadde ei god kjensle etter rettsforhandlingane at det skulle gå vår veg.

Saka vart så anka til Högsterett, og Torgnes håpar

ankeutvalet i løpet av nokre veker vil ha konkludert om saka skal handamast på nytt i rettsapparatet.

– Vi fekk signal frå motparten om at dei ville ta saka til Högsterett dersom dei tapte. At staten meinte saka var av prinsipiell karakter, støttar også vår påstand om at den er det, seier Torgnes.

Regeringen er nøgd

KONSESJONAR: Også i departementet er dei glade for å ha avslutta den langvarige saka.

– Eg er fornøyd med at staten og Eide har blitt einige gjen-nom forhandlingar, og meiner forliket gir et rimelig resultat

for begge partar. Denne saka er heilt tilbake frå 2009-runden då Stoltenberg-II regjeringa tildelte 65 konsesjonar basert på relativt subjektive kriterier. No etablerer me eit heilt nytt system med meir objektive kriterier for

vidare vekst. Det vil skape betre føresieielege vilkår for næringa, seier statssekretær Ronny Berg i Nærings- og fiskeridepartementet til IntraFish.

HOBBYFISKERENS DRØM OG TRUSTS VENN!

Ny versjon av storseigener!
Norske bensindrevne og elektriske kraftblokker med regulerbart hastighet.

**Olsen Fangst
og Kraftblokk**

Tlf. 905 64 598
Tlf. 976 81 636
kraftblokk@gmail.com
www.kraftblokk.no

